

## KONTORSJEFEN

Ho brukt'å synge i badet e7-A  
Eg brukte berre ta dusj e7-A  
Når eg skreiv forsiktig med blyant e7-A  
svinga ho pensel og tusj d7-e<sup>7-5</sup>-A7  
Eg har det mest i kjeften d7-G  
Ho var meir rett på sak d7-G  
Eg putta handa i lomma d7-G  
medan ho kneip gutane bak F- e<sup>7-5</sup>-A7  
Vi var absolutt ikkje vår type F-C  
men ho hadde sånn nydelegge smak d-B-A  
d-B-A-G-A-B-H7

Ho gjorde kickflip på skateboard  
Eg spelte heller gitar  
Og når ho ville verte tante  
ville eg øve til far  
Eg sykla helst på gangveg  
Ho krusa i eit flak  
Når vi var ute med Harley  
hadde eg plassen bak  
Vi var absolutt ikkje vår type  
men ho hadde sånn nydeleg smak

Ho elska løve og tiger  
Eg digga hengebuksvin  
Eg drakk økologisk tomatjus  
Ho sat med whisky å gin  
*(4 linjer instrumental)*  
Vi var absolutt ikkje vår type  
så det gjekk mot ein sikker ruin

Ho var kontorsjef i banken  
Eg selde bilar på si  
Så når eg var lens for kontantar  
Var der kontantar å svi'  
Eg har det mest i kjeften  
Eg har ein skog med svin  
Ho berre sette opp renta  
sa meg opp frå første termin  
Vi var absolutt ikkje vår type  
så no går eg mot sikker ruin  
Men ho hadde sånn nydeleg smak...